

Kyrjeklokka

Nr 3 - 2021

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

85. årgang



Sommarkonsert i Olden kyrkje

Frå sommarens flotte dåpsgudstenester
både i friluft og i Olden gamle kyrkje

Bruk gjennbruk

Er du klar for gitarkonsert
i Nedstryn kyrkje i november?

Altertavla i Olden gamle kyrkje

Epledyrking i Nordfjord -
og Uranes-apalen på Flo



Fjelli. Bygda vi ser til høgre ved fjorden er Utvik. Foto teke frå Tistamstøylen juni 2018 Simen Gald

Ein ny start

av Møyfrid Sømme Kvamme

Hausten er ofte ei tid der ein startar opp att med skule og arbeid etter sommarferien. Nokon skal begynne i 1. klasse, eller på vidaregåande og i tillegg kanskje bu på hybel på ein ny stad. Andre skal begynne i ny jobb og få nye kollegaer. For desse blir det ein ny start i livet.

I bibelen les vi om mange som fekk ein ny start i livet etter å ha møtt Jesus. Tenk på læresveinane til Jesus. Heilt vanlege menneske som følgde Jesus, og gjekk i lære hos han. Dei fekk sjå at Jesus gjorde mange under og teikn. Blinde fekk synet att, døve fekk høyre, lamme kunne gå, osv. Dei fekk høyre Jesus som underviste om Guds rike, og mange kom til å tru på han. Dei vart etter kvart sjølv overtydd om at Jesus var Messias, Guds son.

Jesus møtte mange menneske

på si vandring. Ein gong Jesus og læresveinane var på veg frå Judea til Jeriko gjekk dei gjennom Samaria. Dei kom til ein by som heiter Sykar, der Jakob i si tid gav Josef eit jordstykke, og der var Jakobskjelda. Jesus var trøtt etter reisa, og sette seg attmed kjelda medan læresveinane gjekk inn i byen for å kjøpe mat. Då kom det ei samaritansk kvinne for å hente vatn. Jesus bad henne om vatn, men kvinna lurte på kvifor han som jøde kunne be ei samaritansk kvinne om vatn, for jødar hadde ikkje omgang med samaritanarar. Då seier Jesus til henne: «Om du hadde kjent Guds gåve, og visst kven det er som spør deg om drikke, hadde du bede han, og han hadde gitt deg levande vatn». Kvinna lurar på kvar han får det levande vatn ifrå, om

han er større enn stamfaren Jakob som gav dei brønnen. Jesus svarer: «*Den som drikk av dette vatnet blir tørst att. Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørste. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv*». Då bed kvinna om å få dette vatnet, så ho slepp å gå til brønnen att og hente vatn.

Det er då Jesus avslører henne med å be henne hente mannen sin. Ho fortel at ho har ingen mann, og Jesus svarer: «*Du har rett i at du har ingen mann, for du har hatt 5 menn, og den du har no er ikkje din mann*». Jesus avviser ikkje kvinna på grunn av hennar livsførsel, nei han kjem henne i møte, fortel kven han er, og viser henne vegen til Gud. Det fører til at ho lar vasskrukka bli ståande att, går inn i byen og seier til folket ho møter: «*Kom så skal de få sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort. Kan han vere Messias?*»


Då gjekk dei ut av byen og kom til han. Mange av samaritanane i byen kom til å tru på Jesus på grunn av det kvinna sa då ho vitna: «*Han har sagt meg alt eg har gjort*». Dei bad han vere hos dei, og han vart der i 2 dagar og underviste dei, og endå fleire kom til å tru på han. - *Johanneskap. 4* Det vart ein ny start i liva deira, i møte med Jesus!

Jesus er i dag den same som han var den gong han levde på jorda. I møte med *Han* kan vi alle få ein ny start i livet, uansett korleis liva våre er. Jesus avviser ingen som kjem til han. Han seier: *Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!*



Gudstenesta på strandkanten ved Bendiktnaustet på Flo

av Olaug Mork



Erling Gjørven stilte med ringeklokka si

Ein nydeleg søndag, med sol frå blå himmel og restar av snø i fjella gav ramma for gudstenesta på strandkanten ved Bendikt-naustet på Flo. Mange hadde teke seg ned dei bratte Flo-bakkane, og mange var stivpynta i bunadar og dress, for det skulle vere barnedåp. Erling Gjørven deltok med den store ringeklokka også på denne utegudstenesta, og Anders Victor Kvile hadde med trekkspelet. Alter og bord var pynta med markblomar for dei ca. 70 personane som var samla.

Då den flotte gamle kyrkje-båten, Bendiktstorebåten, kom glidande på vatnet med tre roarar og to dyktige, kjende spelemenn var det nasjonalromatikk på sitt beste der dei stemnde mot støa og spelte for folket. Det var mektig! Frå naustet kom så dåpsfølgjet gåande med spelemennene, Svein Nesje som oldefar til dåpsbarnet og Arne Sølvberg, føre.

Medan nokre av dei små nytta sjansen til å vasse i båtstøa leia Henny Koppen gudstjenesta saman med dagens klokkar som var Kathrina Flo. Spelemennene gav oss fleire musikalske innslag, også spesielt til dåpsbarnet.

Kyrkjekaffi og saft var godt etterpå i varmen. Og det var ikkje få bilete som vart tekne frå denne mektige, historiske hendinga, utegudsteneste med barnedåpen til Åsa Nesje Holmberg ved Bendiktnaustet på Flo.



Nasjonalromantikken blomstra på Flo når Bendiktstorebåten kom glidande på Oppstrynsvatnet ein slik flott sommardag



Dåpsfølgjet med spelemennene Svein Nesje og Arne M. Sølvberg i spissen



Dagens klokkar Kathrina Flo og sokneprest Henny Koppen var med og laga ei flott ramme rundt den historiske utegudstenesta ved Bendiktnaustet på Flo

Olsokgudsteneste i Olden gamle kyrkje

Tekst og foto: Reidun Brynstad

Oldarane har lang tradisjon med å arrangere Olsokgudsteneste i gamlekyrkja.

Etter å ha blitt «skrivne i mantalet», kunne folk gå inn og setje seg i ei sommarpynta kyrkje. 60 menneske hadde funne vegen denne dagen.

Hege Høiby var prest, Jostein By medliturg og Anders Kvile organist. Kyrkjevertar var Solrunn og Einar Åbrekk. Kyrkje-tenar Geir-Ståle Vatnamo.

Det er ei spesiell stemning i denne vakre kyrkja frå år 1759. Her er ikkje innlagt straum, og orgelet er av gamlesorten, der ein må trø, noko Anders takla meisterleg.

Gudstenesta dreia seg, naturleg nok, om Olsok, og Hege hadde det som tema i preika.

Ein del av salmane var nok litt ukjende for folk, so det vart litt spinkelt med songen, men Hege har ei god stemme, og losa oss gjennom etter beste evne.

I år var det ekstra stas, då det skulle vere barnedåp. Eit fint dåpsfølge tok oppstilling fremst i kyrkja. Vesle Eira Olivia vart døypt, og fekk Guds velsigning.

Ei fin stund i kyrkja, på ein fin sommardag. Vi hadde ikkje kyrkje-kaffi, men mange stogga att utanfor, og fekk seg ein prat med kjende. Takk for oppmøtet.



Frå v. Prest Hege Høiby, Robin Winther med Eira Olivia på armen, Camilla Brynstad, Anette Brynstad med Norah Linelle på armen, Bjarte Krossøy



I Olden gamle kyrkje held Hege Høiby preika på den gamle erverdige preikestolen. Der er også eit gammalt trøorgel ståande ved sida av altarringen, vi ser i bakgrunnen organisten Anders Kvile, som takla trøorgelet meisterleg. Framfor Hege den gamle døypefonten med fullt utstyr.

Hundar på gravplassane

av kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

Gravplassene er minnestader som skal vere tileigna ro og ettertanke. Dei skil seg difor frå andre parkar ved at det er ikkje her du legg joggeruta, sykkelturen eller den høglytte praten.

Det har i sommar kome reaksjonar på at ein finn hundeføring liggande på gravplassane, og det har kome spørsmål om det i det heile er lov å ta med seg hund inn på gravplassen.

I Gravferdsforskrifta er der ein paragraf som regulerer dette:

§ 9. Adferd på gravplass

Opphold, ferdsel, arbeid og andre handlingar på gravplass skal skje på en sømmelig og minst mulig støyende måte, slik at det ikke virker støtende på noen.

Besøkende skal såvidt mulig ferdes gående. Hunder skal føres i bånd.

Vi ber om at regelen om bandtvang blir respektert – alltid, og på alle gravplassane.

Og: Vis omsyn! Bruk hundepose!



Kyrjeklokka

www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Knut Sigurd Gald

Forretningsfører - abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076 - john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054 - Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig - Vi takkar for betaling og støtte

Kyrkja i Indre Nordfjord

Stryn kyrkjekontor

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

kari.muri@stryn.kommune.no

Tlf 57 87 61 84

Mobil 913 27 882

57 87 61 80 Telefonsentral

57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl

57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no

Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Må, ty (10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Volda kyrkjekontor

kyrkjeverje Jostein Stråbø

jostein.strabo@volda.kyrkja.no

mobil 916 63 549

Tlf 70 07 40 90

Post/besøksadr.: Rådhusgata 6a, 6100 Volda

E-postadr.: kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 - 14:00

sokna Utvik - Olden - Innvik

Mobil 911 84 241

sokneprest Harald Runde

runde.harald@gmail.com

Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12

sokna Randabygd - Nordsida

Tlf 57 87 49 48

Mobil 930 01 473

sokneprest Hege Høiby

hege.hoibye@stryn.kommune.no

sokna Oppstryn - Loen - Nedstryn

Tlf 57 87 61 85

Mobil 948 32 875/916 01 630

sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Hornindal sokn

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket

Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog

Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

57 87 61 82 Trusopplærer

Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no



Instagram

[instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord](https://www.instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord)



stryn.kyrkja.no



facebook.com/strynkyrkja



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Klage kan alle gjere - det må ein ekspert til å rose

«Klage kan alle gjere, det må ein ekspert til å rose».

Eg køyrde etter riksveg 15 etter ei gravferd. Plutseleg fauk det ein gjenstand ut av vindaugget på bilen framfor meg. Ei hand viste seg, ein gjenstand hamna i grøfta, så ein til, og ein til. Den siste hamna forresten ikkje i grøfta. Den trefte noko og kom dansande inn i vegen framfor bilen min. Ei flaske eller noko. Eg tuta med bilhornet, og merka meg bilnummeret.

Har du bilnummeret, finn du eigaren. Eg tok kontakt, og historia fekk ein lykkeleg slutt. Sjøføren tok med seg medpassasjerane sine og rydda opp.

Det er også heilt rett å kontakte politiet. Forsøpling er ulovleg. Forurensingslova sin §28 seier dette: "Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet. (...) Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding."

Eg går ikkje så ofte langs bilveg. Men når eg gjer det, ser eg dette langs vegen: Drikkebe-

ger av alle slag; boksar til brus og øl, glasflasker og plastflasker, pappbeger med plastlok, tomme fruktposar til baby, isoporboksar, pappboksar, sjokoladepapir, snusboksar, små og store kartongar for saft, jus og mjølk, ispinningar i plast, - og mykje meir.

Så ligg det der då, sniglar, mus og biller kryp inn i ølboksane og blir der. Dei kjem seg ikkje ut. Glasflaskene sprekk etter kvart, dyr og menneske kan skjere seg på glasskåra. Mest all plast hamnar til slutt i vatn eller sjø, og til slutt på ei strand eller i ein fiskemage. Aluminiumsboksar som hamnar på slåtemark blir flisa opp og endar i husdyrforet og blir ei klar dødsårsak.

Dette veit alle. Og den som har lese så langt i dette innlegget er nok ikkje den som har kasta mest søppel rundt seg i naturen. Så kvifor skriv eg dette? Syting og klaging er det nok av.

På ein speidarleir for nokre år sidan hadde vi eit skilt med denne teksten ståande i porten vår: «Klage kan alle gjere, det må ein ekspert til å rose». Så no får eg prøve å hente fram eksperten i meg.

Eg gir ros til alle som ferdast i fjellet. Der er det så å seie heilt fritt for søppel. Fjellfolk tek med avfallet sitt heim.

Eg gir ros til alle som plukkar opp rusk og rask der dei ferdast. Den platen som kjem opp i søppeldunken, hamnar garantert ikkje i ein fiskemage.

Eg gir ros til alle som har ein pose til søppel i bilen, og samlar alt der, til dei kjem heim.

Eg gir ros til alle som er gode føredøme for borna sine, og handsamar avfall på rett måte.

Eg gir ros til alle som er tydeleg på kor takksame dei er:

- For den flotte naturen vår
- For det gode veret vi har hatt i sommar
- For den trygge og gode kommunen vi bur i
- For dei nydelege turstiane vi har over alt
- For alt vi har å glede oss over

Det finst SÅ mange ekspertar der ute. Takk skal de ha, alle saman.

«Gud velsigna mann og kvinne og sa til dei: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk! De skal råda over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorda.» Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle planter som set frø, så mange som finst på heile jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Det skal de ha å eta. Og til alle dyr på jorda og til alle fuglar under himmelen og til alt som kryp på jorda, alt som har livsande i seg, gjev eg alle grøne planter å eta.» Og slik vart det. Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt!»

1. Mos 1, 28-31



Stig Ulv til Nedstryn kyrkje

av Henny Koppen

Endeleg tek gitaristen Stig Ulv, eller Stig Ulvestad som han eigentleg heiter, turen frå Hovdebygda og gjennom Kviven, til Stryn.

Det er ikkje tvil om at vi får besøk av ein solid, spesiell og spennande gitarkunstnar. Dei som har høyrte han spele seier mellom anna dette: «*Stig Ulv spelar ikkje på gitarar, han får dei til å snakke. På nynorsk sjølv-sagt*». Den utflytta Oldenjenta Irene Åbrekk Kalvatn, som sjølv er musikar, seier dette: *Den beste nynorske instrumentalmusikken eg veit om. Og etter ein konsert på Horg kulturhus kan vi lese desse orda: «Perfekt sunnmørsk strengemagi. Så, har du ikke opplevd Stig Ulv live, er det bare å komme seg på konsert»*.

Og denne kunstnaren kjem altså til Nedstryn kyrkje i november. Det er berre å glede seg.

Stig Ulv har gitt ut 7 album med gitarmusikk, og der finn vi eigenkomponert stoff. I 2021 feirar han 10-årsjubileum som gitarartist, og det nyaste albumet hans har gitt tittelen til jubileumsturneen; *Hjartevarme*. Det

høyrest lovande ut. Som innbyggjar i Hovdebygda, sjølvaste Ivar Aasen si heimbygd, er det naturleg at han marknadsfører seg som nynorskartist. Korleis dette slår ut i musikken får vi høyre under konserten. Vi lever i spenning så lenge, og ser fram til endeleg å få oppleve ein kyrkjekonsert i godt lag.



Konsert med Stig Ulv
Nedstryn kyrkje
Fredag 12. november 2021
kl 1900



Gitarane Stig Ulv har med konsert



Stig Ulvestad frå Hovdebygda som artisten Stig Ulv

Kjeldefrisk Gudsteneste på Sølvsbergstøylen Med trippel-dåp i nådens teikn!

av Gunnhild Bergset

Som tidlegare nemnt både i Kyrkjeklokka og Fjordingen hadde indre Nordfjord gleda av å ha prestevikar frå eige distrikt i sommar. Gunn-Jorun Roset Sunde hadde fleire gudstenester i sommarvarmen, og ei av dei var på Sølvsbergstøylen i strålende solskin 25. juli. Då fekk ho gleda av å døype heile 3 born med tilknytning til Nordsida,- ja det eine dåpsbarnet var endå hennar eige tante-barn!

Dåpsvatnet var henta frå Nykjadæla, ei kjelde som generasjonar har drukke seg utyrste på rett ovanfor Sølvsbergstøylen. Teksten for dagen var om kvinnas som Jesus sette fri etter at

farisearane ville steine henne for ekteskapsbrot. Gunn-Jorun trekke parallellar mellom nådekjelda og Nykjadæla og deler her eit avsnitt frå preika si med lesarane av Kyrkjeklokka:

«Det er her Nykjadæla kjem inn i fortellinga vår igjen. Frå Nykjadæla renn det konstant friskt, kaldt vatn, det let seg ikkje stoppe, og det er heilt gratis. Det fins eksempel på naturlege vasskjelder som har blitt til business, ja til og med Gudsnåde-kjelda har blitt brukt til business! Men eg har forsikra meg med grunneigaren av Nykjadæla at i alle fall den skal forbli gratis og åpen for alle som vil stoppe og slokke



Gudsteneste Sølvsbergstøylen

tørsten der. Slik som Guds nådekjelde er gratis og åpen for alle som vil ta imot, slokke åndelig tørste, motta tilgjeving og få kraft og mot til å gå vidare med livet. For heller ikkje i vår tid er vi nokon som presterer å leve livet feilfritt.

I dag har Eline, Emil og



Kyrkjelyden

Mathias heilt konkret fått del i denne nådekjelda gjennom dåpen. Og takka vere at lokal kunnskap om naturen i bygda har blitt delt i generasjonar, så har også vi fått del i dette nydelege bildet av dåpsvatnet. Vatn, som er ei kjelde til alt liv på jord, er tett samanbunde med dåpsvatnet, som er ei kjelde til livet med Gud.

Men kunnskapen om begge desse kjeldene må førast vidare til neste generasjon. Kanskje kan det vere ei konkret utfordring til fadderane her i dag: Ta fadderbarnet ditt med deg på tur til Nykjadæla etter kvart som barnet veks til, drikk dåkke utyrste av kjelda, kvil dåkke og sjå på utsikta, og fortel om denne dagen, 25.07.2021 då dei blei døypte med den kristne dåpen».

Vi kjem vel neppe nærare kyrkjeleg nasjonalromantikk enn når tre nydelege dåpsbarn blir borne over stølsvollen av bunadskledde foreldre og fadrar fram mot nådekjelda med nyvelsigna Nykjadæla-vatn.

Vi som var til stades kjende på at vi fekk del i den same velsigninga. Takk til Skaparen, Gunn-Jorun, Eline, Emil, Mathias og alle dykk andre for festen de laga for oss under open himmel med straumar av nåde.



Dåp Mathias



Gunn-Jorun og Eline



Dåpsfølge 25. juli

Konfirmant oppstart

av Beate Nes

Sommaren er over, og eit nytt skuleår er igong, og det betyr også at eit nytt konfirmantår er igong. Vi starta opp med felles aktivitetsdag i skogen ved skisenteret. Ein fin dag med ulike aktivitetar. I fokus for dagen var samarbeid og fellesskap.

Vi gler oss til å bli kjent med dei nye konfirmantane og håpar på eit fint år.



Friluftsgudsteneste med presentasjon av konfirmantane i Bommeneset 22. august

Oppstryn sokneråd arrangerte den årlege friluftsgudstenesta 22. august. I mange år har det vore grått og vått når vi er i Bommeneset, men i år vart det finever. Det var kald haustluft før sola nådde bort til oss i skogen. Henny Koppen hadde hjelp av Kathrina Flo til tekslesinga, spelemann Anders Victor Kvile spelte trekkspel, og Beate Ø. Glomnes fekk på kort varsel innføring i klokkeringing på den flotte klokka vi lånte av Erling Gjørven.

Som tradisjon vert dei nye konfirmantane presenterte på denne gudstenesta. I år er dei seks konfirmantar som skal ha festdag i kyrkja til våren i Oppstryn. Henny avslutta gudstenesta med å spele postludiumet på fløyte, - såpass vakkert at ho fekk applaus.

Soknerådet hadde med kaffi, saft og bakverk som store og små kosa seg med etterpå attåt ein god prat.

Ref. Olaug Mork



Tanita Bøe Rake og Henny Koppen
Foto: Olaug Mork



Henny Koppen spelar fløyte
Foto: Kari Nielse Berge



Beate Ø. Glomnes styrte klokkeringinga
Foto: Kari Nielse Berge



Sokneprest Henny Koppen, Kathrina Flo var klokkar og Anders Victor Kvile spelte trekkspel
Foto: Olaug Mork

Altartavla i Olden gamle kyrkje

av Ingolv Muri

Altartavla i Gamlekyrkja i Olden er ein viktig del av det verdfulle og sjeldne innbuet som fins i dette gudshuset. Det er nok ikkje alle enkle kyrkjer på landsbygda som har ei så stor, forseggjord og kostbar altartavle som denne.

På tavla står årstalet 1772, og det er truleg at det er då tavla

kom på plass. Kyrkja vart teken i bruk 1759, og altartavla såleis 13 år seinare. Vi veit at det vart laga liknande tavler på 1700-talet i vårt område. Vår altartavle har til dømes svært mykje til felles med tavla i St. Jørgen Hospitalkirke i Bergen. Desse altartavlene har motiv og figurar som elles fans i rokokko kyrkje-

kunst ute i Europa.

Midt i vår tavle er eit utskore og måla prydestykke med bokstavane PPT. Han som var kyrkje-eigar då denne kyrkja var bygd, heitte Peder Pedersen Tonning. Han har altså fått initialane sine midt i tavla. Det er spesielt. Men han tenkte vel at han hadde lagt ut så mykje på tavla, at han var



Den vakre og detaljrike altartavla i Olden gamle kyrkje. Foto Kari S Muri

verd det. Utan at vi i dag veit kva han hadde lagt ut.

Altartavla her har 6 korintiske søyler, 4 nede i hovedfeltet og to mindre i det øvste feltet. Det som er spesielt er at dei to ytterste søylene i hovedfeltet har ein «knekk» litt nedom midten. Slike søyler vert kalla «sittande søyler». Så vidt eg har funne, så var dette noko som kom inn i kunsten på 1700-talet. Det er tydeleg at fagfolk fattar interesse for desse søylene i dag og.

Sjølvsagt inneheld også denne altartavla bibelske motiv, som skal vere for oss som søker kyrkja. Nedst på tavla, over altarbordet, står skrive teksten frå 1. Korinterbrev, 10, 16: «*Velsignelsens kalk som vi velsigner, er den ikke Christi blods samfund, og brød som vi bryder, er det ikke Christi legemes samfund?*» Over denne bibelteksten er eit vakkert måleri av nattverden, Jesus med dei tolv apostlane.

Ved sida av måleriet står to store skulpturar. Den eine er av Moses som står med ein stav og peikar på lovtavlene med dei 10 boda. Vi kan legge merke til at Moses har horn i panna. Det kjem av ei spesiell bibelomsetjing. I vår Bibel står det at då Moses kom ned av fjellet, lyste det spesielt av ansiktet hans. Men ei tid vart denne hendinga frå grunnteksta omsett med at han hadde horn. Moses har difor ofte blitt avbilda med horn i panna, såleis også på denne skulpturen. Den andre skulpturen er av Johannes døyparen. Han står med ein korsstav i handa og med eit lam hos seg, som han peikar på. Det skal minne om orda frå Johannes: «Sjå det Guds Lam som ber verda si synd!» Vi kan vel seie at desse skulpturane ut-

trykker to viktige ting i Bibelen: *Lov og evangelium.*

Det øvste feltet er med motiv frå korsfestinga. Skulpturar av Jesus og dei to røvarane og med eit landskapsmåleri som bakgrunn. Vi ser det tydeleg, slik vi kjenner det frå teksten, at den eine røvaren vender seg mot Jesus, og den andre frå han.

Aller øvst på altartavla eit prydstykke med englar som bles på basun, namnet Jahve i midten og strålar ut frå dette stykket. Serleg på toppen, men og på sida av tavla er vakker treskurd måla, og det må vere ein dyktig treskjerar som har utført desse.

Denne altartavla er laga i Bergen ein gong på 1700-talet. Kven som har arbeidd tavla er det delte meiningar om. Konservator J.H.Lexov skriv ein artikkel i 1955 der han meiner at det er Jan Valentin Wedel som er meister for heile altartavla. Det er berre det at Wedel var finsnikkar men ikkje skulptør eller kunstmålar. Han laga konstruksjon og treverk for fleire altartavler i den tid, truleg også denne. Men skulpturane og måleria må venteleg tilskrivast andre. Thurid Vold har studert og skrive om ein skulptør

Georg Kristoffer Schauer som levde i Bergen på byrjinga av 1700-talet. Han var ein leiande skulptør i byen på den tid, og har laga skulpturar og ornament til altartavler i mange kyrkjer på Vestlandet. Vold meiner at det kan vere Schauer som har laga skulpturane også i vår altartavle. Det er berre det at Schauer døde i 1752. Dersom denne altartavla var ferdig då, er det greitt, men løysinga på dette kan og vere at Vedel har fått bruke av skulpturane til Schauer, etter 1752. Prydstykket, ornamenta og treskjerjingane kan vere anten av Vedel eller Schauer.

I dag er det ingen som sikkert kan seie kven som har utført måleria på tavla.

Vi kan og fortelje at då det var utgraving og restaurering i Gamlekyrkja i 1969, vart altartavla teken ned, send til Bergen, pussa og restaurert, men kom heldigvis tilbake til gjenopning av kyrkja i 1970.

Som mangeårig omvisar i Gamlekyrkja kan eg seie at det er stor interesse for altartavla og det andre innbuet, både av fagfolk på området og av vanlege folk som vitjar kyrkja.





«Nye» murar i Nedstryn

av Margaret Venøy Flo

Leiar Nedstryn sokneråd

Nedstryn kyrkje vart bygd i 1859, og ei "så gammal dame" treng jamleg vedlikehald. Vi har ei tid sett at dei utvendige trap-pene var begynt å bli sprokne og stygge, og trengte sterkt til reparasjon. No er vi så heldige

Paul Zuijdam. Foto Margaret Venøy Flo



Før arbeidet starta, slik kyrkjelyden har vore vant med dei seinare år. Foto Paul Zuijdam

at vi har dugande kyrkjegards-arbeiderar i Stryn, og ein av desse, Paul Zuijdam, tok på seg å ordne dette. Han har god erfaring med alt som gjeld muring og vedlikehald, og har lagt ned eit framifrå arbeid med trap-pene. Birger Skåre var med å måla, så no framstår dei nye og fine. Det neste blir å få måle opp att kyrkja, men dette vert nok eit større prosjekt.

Eg vil og samstundes få takke for det flotte arbeidet alle kyrkjegards-arbeidarane legg ned med grasklipping rundt dei 9 kyrkjene i kommunen, dette krev ein stor innsats! Vi ser i avisa at folk som kjem til kyrkjegardane set pris på dette, takk for det. Det er til glede for oss alle at kyrkja og området rundt er fint og ryddig, og familiar og vener er flinke til å stelle pent på gravene.

Vel møtt att i kyrkja til normale tider etter kvart, og då kan du ta ein ekstra titt på dei fine trappene og murane.



Paul Zuijdam har gjort ein flott jobb med murane og Birger Skåre hjalp til med å måla. Foto Paul Zuijdam

Storfamiliesamlingar i Betania

Då koronaen slo inn over oss hadde vi akkurat begynt med storfamiliesamlingar i Betania. Det var samlingar med middag, søndagsskule og kreativ økt. Vi hadde besøk av folk frå alle deler av kommunen, og det såg ut til å bli eit fint fellesskap av store og små. Så vart det slutt.

No lysnar det vel i korona-situasjonen, og vi prøvar igjen.

Den 2. november og den 4. desember inviterer vi til

familiemiddag med bibelfortelling og formingsaktivitet for dei små. Dette er torsdagar, og den dagen er det barnekorøving på Betania frå kl 1730. Vi må sjølv-sagt vere ferdige før korøvinga, men vi trur dette kan vere fint å kombinere også for dei som skal synge etterpå.

Ei utfordring går ut til alle dykk som meiner de kan førebu enkle middagsrettar for mange personar: Meld dykk til kjøkteneste,

Den 2. november og den 4. desember inviterer vi til familiemiddag med bibelfortelling og formingsaktivitet for dei små.

ein gong eller fleire gonger.

Ta kontakt med kyrkjekontoret, snakk gjerne med Beate og bli med på noko verdifullt.

Trusopplæringsgjengen



Grøn side Klimafakta og miljøtips

Bruk Gjenbruk!

av Asbjørn Gjengedal

Info NMS Gjenbruk Nordfjord:

- Facebook-sida
- Tlf butikk 404 45 420



Annlaug Hole Nygård

Det er vel verd å gå inn i den lyse, trivelege butikken i Eidsgata 5 på Eid. Der er fullt av fine og nyttige varer til rimeleg pris. Og så er der vennlege menneske som står til teneste. Dei arbeider gratis for NMS Gjenbruk Nordfjord. *Leiar for dette tiltaket er Annlaug Hole Nygård.* Vi får stille henne nokre spørsmål om dette tiltaket.



Du finn butikken i Eidsgata 5 på Eid - stikk innom då vel?

Medarbeidarar

Kvifor har du gått inn i denne tenesta? I Hornindal var eg med i foreininga til Det Norske Misjonsselskap(NMS).

For nokre år sidan fekk vi spørsmål om å vere med og opne ein gjenbruksbutikk for NMS på Eid. Eg visste det var forpliktande å seie ja til det. Men eg kjende på det at det var noko eg hadde hug til. Som pensjonist ville eg halde fram og gjere ein innsats med meining i. Samstun-

des ville eg få ordne med bruk av tid slik det høvde med tanke på andre oppgåver. Her ville eg oppleve fellesskap med andre som hadde same interesser.

Eg har alltid hatt interesse for gammalt og brukt. Sidan NMS Gjenbruk Nordfjord kom i gang i 2014 har eg til fulle fått innfridd mine forventningar!

Kven har du med deg? Naturleg nok er dei fleste medarbeidarane pensjonistar. Somme av dei har vore med i misjonsforeiningar,



Gjenbruk butikken har lyse og trivelege butikk lokaler - her frå opninga i september 2020

men mange har ikkje vore med i arbeid for NMS tidlegare. Ulik bakgrunn er ein styrke. Vi har eit triveleg fellesskap og deler gleder i dette meningsfulle arbeidet. Nokre dagar i sommar var det oppmuntrande å ha nokre ungdomar med! Om dei ikkje tente pengar, fekk dei arbeidsattest. Den kan kome vel med – i tillegg til gleda over å stå til teneste for menneske og miljø.

Kor mange er de? Vi er om lag tretti personar, som har sett seg opp med høveleg mange timar på arbeidslistene. Det er gledeleg at også i «koronatida» har vi greidd å unngå lange periodar med stenging. *Takk og honnør til dei som heldt butikken i gang!* Trass i Covid 19 gjennomførte vi flytting og opna den nye butikken i Eidsgata 5 i september 2020, ein stor innsats det òg.

Kva oppgaver har de, og korleis deler de dei? Der er hender som tar imot, reparerer, pussar, vaskar, ordnar, prisar, stiller ut, pakkar inn, brukar kassa, hentar og bringar varer i butikkens bil og yter servise til kundane. Styret samordnar og har ansvaret.

De treng fleire medarbeidarar; korleis får de dei med og gjev dei høveleg innføring? Ja, vi skulle gjerne vere mange fleire! Her gjeld det å få fram at langt frå alle må stå i kassa eller svare på telefonar. Og ein treng ikkje binde seg til mange timar i veka og lang tid frametter. Det meste er praktiske oppgaver som ein kan velje mellom og samarbeide om. Den som vil prøve denne tenesta, får innføring etter eit oppsett program og god hjelp til å kome i gang. Så vil ein truleg kjenne at dette gjev meirsmak! Det gjeld også for menn som vil gjere ein innsats under mottoet vårt: **Miljø, Misjon og Møteplass.**

Varer inn og ut

Kva slags varer tar de imot for sal? Stort sett er det alle slags varer som kan vere til nytte og glede i ein heim, alt frå dekketøy til møblar. Men vi sel ikkje klede. Av plassomsyn kan vi ikkje ta imot senger og madrassar. Krav til tryggleik gjer at heller ikkje barnesete til bil, kvitevarer og elektrisk utstyr elles, med unntak av lamper, er med i utvalet.

Kva med kvaliteten? Vi blir ofte imponerte over kor verdfulle og vakre varer folk gjev inn til gjenbruk. Tusen takk til alle rause gjevarar! Varene må vere heile, reine og lette å omsetje. Vi set pris på at folk tar kontakt med butikken før dei kjem med varer. Dag og tid for levering av møblar må avtalast på førehand. Mottak kan berre skje når butikken er open. Ein medarbeidar vil då gå igjennom og sjå til at varene høver for sal. Butikken sin varebil kan både hente og bringe varer, om det er naudsynt. Meir informasjon kan finnast på facebook-sida til NMS Gjenbruk Nordfjord. Telefonnummeret til butikken er 40445420.

Pengar til misjon

Kvifor skal vi handle på NMS

Gjenbruk? Gjenbruk er ein livsviktig innsats mot sløsing og misbruk av ressursane på jorda. Stadig fleire ser det. Mange ser òg at dette er i pakt med det synet på Guds skaparverk som kristen misjon alltid har halde fram.

Korleis går det med omsetninga? Trass i pandemien og avkorta opningstid ser vi oppmuntrande tal. I juli månad selde vi varer for nesten hundre tusen kroner! Saman med dei om lag femti andre butikkane hadde NMS gjenbruk ei omsetning på sekstifire millionar i 2020. Om leige av lokale og andre driftskostnader må trekkast frå, er dette ein viktig del av inntektene til Det Norske Misjonsselskap. Talet på misjonsforeiningar har minka mykje, men no er tusentals medarbeidarar på gjenbruksbutikkane komne til! Såleis greier NMS å tilpasse seg ei verd i forandring. Vi vil halde fram med å dele trua på Jesus, kjempe mot urett og utrydde fattigdom. Med slik innsats er NMS ein viktig del av Den Norske Kyrkja sin plass i verda.



Er du på vandring i Eidsgata, har NMS Gjenbruk plass der du kan setje deg ned - kanskje du ser noko i vindauget som fell i smak?

Nattverdsbønas funksjon – Anamnese

av Hege Høiby

Eg sa litt i førre nummer av kyrkjeklokka om det som kallast anamnese, og eg tenkte å greie litt meir ut om kva det er. For sjølv om ein kan plukka ut ein del av nattverdsbøna og seie; «*dette er anamnesen*», so er det ikkje berre so lite eller enkelt. Eg nemnde sist at ordet tyder meir enn berre det å minnast noko – meir enn berre å hugse noko som har skjedd. I tydinga av dette ordet, ligg ei grunnleggjande og viktig forståing av den jødisk-kristne tradisjon og gudsteneste. Om korleis Gud verkar og openberr seg i verda og for oss.

Den jødiske religionen er historisk. Det vil seie; Gud openberr seg gjennom historia. Men det vil også seie at Gud openberr seg gjennom historier: gjennom forteljingar. Og det er gjennom at forteljingane blir fortalde at openberringa vert brakt vidare. Difor er det ikkje berre slik at historiene blir fortalt for at barna skal lære kva som har skjedd og ikkje gløyme det. De vert fortalde fordi Gud openberr seg i det at dei blir gjenfortalt. For dei som høyrer

og dei som fortel, kjem Gud nær og det han ein gong gjorde, vert gjort på nytt for dei.

Det er verd å merke seg at denne gjenfortellinga ikkje er ei etterlikning av hendinga som vert fortalt. I gjenfortellinga vert til dømes utgangen frå Egypt ikkje henta ut frå historia som om det hadde vert filma og skjer igjen framfor augo våre. Det er ein ny ting som skjer, der hendinga som gjenfortellast, er eit symbol som gjer meining til den nye hendinga her og no. Det er ei gjensking, ei handling som oppnår i notida det som er målet med å hugse forteljinga.

Den kristne religionen er også historisk, på same måte. Nattverdsbøna gjenfortel den bibelske frelseshistoria, og når vi gjer det – når presten seier fram orda i nattverdsbøna – skjer det som frelseshistoria fortel om; vi blir satt fri ved Jesu død og oppstode. Dette er funksjonen til nattverdsbøna, det den er meint til å oppnå. Sjølv om vi kan dele den opp i fleire deler og identifisera ulike ledd med ulike betydingar, so er det også slik at bøna er éi

bøn. Delene verkar saman og vi missar noko av effekten om vi berre ser på ein del, eller ikkje tar med ein del.

På same måte som delane i bøna verkar saman, er det også like at alle som er med i gudstenesta verkar saman i nattverdsbøna. Det er ikkje berre presten som seier bøna, som handlar. Kyrkjelyden som høyrer, er også del av handlinga – stod presten åleine og øvde, har ikkje orda same verknad. Men det er ein tredje part. Gud handlar også, og samhandlinga mellom Gud og menneske i liturgien er det som lyfter oss. Som gjer attforteljinga til noko meir, og som gjer det som blir sagt.

Eg har teke forståinga av anamnesis som eg har lagt til grunn her, frå Richard D. MacCall si bok *Do This. Liturgy as Performance*. University of Notre Dame Press 2012.

I kapittel 3 og 4 har han nokre definisjonar som eg har teke utgangspunkt i – så langt eg har forstått dei.

Sjå MacCall, *Do This*, s 61
Så MacCall, *Do This*, s 87

For å finne e-postadressa til Kyrkjeklokka:
www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrkjeklokka
og trykk på linken med raud skrift:

Trykk her for å sende post til Kyrkjeklokka

”*Kvifor er det så god plass til det ein vil nyte under køyreturen, men plutselig så liten plass i bilen til emballasjen når den er tom?*”



Eit ord.....

Eit ord som vert sagt i alvor og skjemt kan brenne seg fast og aldri bli glemt.

Eit ord kan gje glede, håp og tro, eit ord kan gje sår som aldri vil gro. Så vel dine ord med forstand og takt - for hugs eit ord har makt!

ukjend



Epledyrking i Nordfjord - og Uranes-apalen på Flo

av Olaug Mork

Hausten er tida for å sanke inn avlingane. Og fleire av bygdene her har lang tradisjon for fruktdyrking, og hatt det som ei viktig inntektskjelde. Kyrkja har helde hausttakefest som takkegudsteneste sidan 1899. *Store norske leksikon* Men når starta epledyrkinga, og kven tileigna seg den første kunnskapen? Vart lokale sortar kjende?

I Norge har eple vore dyrka sidan vikingtida, men skaut fart på slutten av 1700-talet. Etterkvart vart klostera, med klosterhagane som senter, viktige for hagebruksutviklinga, og munkane kunne podekunsten. *Store norske leksikon/fruktdyrking*

I byrjinga var det rotekte epletre som vart kalla villeple. Epla var små og trengde ei frostnatt for å bli søte. Sist på 1700-talet vart det kjøpt inn tre frå andre land, som vart kalla

hageeple, dei var større og søtare på smak. Prestane og andre lærde ivra for desse nye trea, og kalla dei gamle norske «uspiselege». Fruktdyrkarane innførte sortar frå utlandet, og dei tok godt vare på gode kryssningar og mutantar som oppstod. *Eplesortar-NiBio* Men epledyrkinga var primitiv og til eige bruk heilt fram til på 1800-talet.

Fruktdyrking, store norske leksikon

Bøndene tok vare på trea som gav mest og best frukt, og sette namn på epla etter staden apalen vaks på.

Nordfjord folkemuseum/Eple-ei god historie

På 1920-talet utvikla fruktdyrkinga seg stort, - eple vart salsvare og det vart bygt fruktlager. Den største konserverfabrikken i Nordfjord vart starta 1916 på Eid, og var eigd av Stavanger Konserverfabrikk. Etter konkurs i 1922 kjøpte Peder Jakobobsen utstyret og starta eigen fabrikk som vi i

dag kjenner som *Jakobsen saft og syltetøyfabrikk* på Nordfjordeid.

Hagebrukshistoria til Sogn og Fjordane/allkunne.no

Truleg var det presten Peter Pavels i Gloppen tidleg på 1800-talet som var den første kjende som dyrka frukt i noko omfang på våre kantar. «*Presteple*» i Nordfjord skal stamme frå han. Han lærde bøndene i Gloppen podekunsten.

Hagebrukshistoria til Sogn og Fjordane/allkunne.no

Eg har fått vite av Bård Vereide på Vereide at det i dag står to epletre på prestegarden på Vereide av sorten «*Presteple*». Desse trea er ca 100 år gamle, og er ikkje freda. Han fortel dette er ein robust sort slik dei gamle sortane var. «*Presteple*» er sure, men svært haldbare ved rett lagring. Då presten plukka epla lagra han dei i kjellaren på prestebustaden, og epla heldt



Oppstryn vatnet, omkransa av snødekte fjell og frukttrær i bløming. Foto Olaug Mork

seg fram til påske. Det var forpaktaren som kalla epla for «*Presteeple*». Om «*Presteeple*» i nyare tid har anna namn er ukjent.

Norsk genressurssenter i Norge, som er ein del av NiBio på Ås, bevarar såkalla «mandatsortar». Dette er sortar som var mykje brukt på 1900-talet, og hadde verdifulle eigenskapar. Blant desse er «*Nordfjordeple*» som det står er registrert. På nettet ligg artikkelen «Gamle eplesorter er kommet til rette» frå 2012. Der står det at «*Floeple*», og «*Hildvinar*» frå Innvik, er sortar dei framleis manglar i genarkivet..

Flesteparten eg har prata med i Leikanger, Oppstryn og Gloppe med eplekunnskap kjenner ikkje til sortane «*Floeple*» og «*Nordfjordeple*».

«*Floeple*» står oppført på «Bjorkans planteliste», som mateple. Jon Bleie skreiv i avisa «Hardanger», 7. nov 1979 om eple. Der skriv han bl.a. at dei hadde «Floapalar» kringom på bøane, slike som hadde vakse opp frå kjerner. Og at somme «*Floeple*» var framifrå mateple.

Fruktdyrkar og frukthandlar Jostein Aske på Sandane har høyrte om sortane. Han har dyrka «*Nordfjordeple*», og truleg «*Floeple*» òg meinte han. Men kjenner ikkje til historia til desse sortane. Heller ikkje dei eg har kontakta på Sibio gjer det.

«*Nordfjordeple*» er ein sort som står oppført på «Bjorkans planteliste», og er registrert på Genressurssenteret på Ås (NiBio). Etter råd frå heradsagonom i Gloppen, Rune Vereide kontakta eg Kåre Strand i Loen. Han fortalde meg at han hadde sendt inn kvist,- som no truleg gjorde at sorten er sikra i genarkivet. Kåre Strand fortel vidare at bestefaren hans, Elias K. Strand på Strand i Loen, var den som hadde opphavet til «*Nordfjordeple*» utifrå brev han har som er datert nov 1911. Trea på garden som Elias K Strand planta er teke vare på av etterkomarane. Kåre har poda seg eit tre med «*Nordfjordeple*», som han no har på garden sin på Rake. Dette er ein sort som vert seint moden. Brev frå 1911 viser at bestefaren Elias samarbeidde med Helge Loen,

som var bestefar til Håkon Loen. Helge Loen var «fruktskjøn-ar» og fruktdyrkar, *Aalandsboka* og han hadde størst kunnskap og interesse for fruktdyrking, og vart kjend fagmann i okulering og poding i amtet (LOKHIS). Håkon Loen i Loen bekrefter bestefaren som pioner innan fruktdyrking i Loen, og han importerte epletre frå utlandet td. Russland, Holland og Belgia. Han reiste til Kristiania på epleutstillingar og fekk mange diplom som Håkon har tatt vare på. Han importerte og andre tre som plommer - 35 sortar!-, hassel og valnøtter.

Utifrå breva daterte nov 1911 var det Helge som sende eple frå Elias til hagebruksavdelinga på Ås for smaksprøving. Brevet frå professor i fruktdyrking, Hans Misvær på Ås, kom til Helge Loen. Brevet er datert 15/11 1911 og Misvær skriv at det var stor glede for han å få sjå eit slikt vakkert norsk eple som han hadde fått tilsendt, og at det var ein fryd for auget. Smaken beskriv han som ein vinsyrleg svak aromatisk smak. Og beskriv kvaliteten som ein «meget god bordfrukt». Om eplet hadde hatt ein sterkare



Naustrekka til Øvre Flo, eigarar i dag er Sonja og Jon Gudbrand Kveen Øvre-Flo.
Foto Olaug Mork



Bilete av Nordfjordeple teke av Kåre Strand

aromatisk smak kunne det konkurrert med Gravenstein. Han ynskte å få tilsendt ei podekvist for å prøve den ut på Ås. Han syntest eplet var så vakkert og godt at han syntest det burde prøvast andre stadar òg. Etter denne tilbakemeldinga anbefalte Helge Loen, pr. brev datert 26. nov 1911, Elias Strand å kalle eplet opp etter den som hadde sett eplekjernen, eller etter den staden treet voks på.

Jon Fridtun har nemnt mange av dei utgamle apalane med villeple på Flo i «Årbok for Nordfjord 1965». Blant andre «Snusen», «Kviten» og «Uranes-apalen». Dei to førstnemnde, skriv han stod til langt fram på 1900-talet før dei fall for øksa. Men «Uranes-apalen» som den største, står framleis på Uraneset også i dag.

På Bendikbruket er der ein teig dei kallar «Snusen». Her voks truleg den gamle apalen «Snusen» i og med det var vanleg å kalle trea opp etter plassen dei stod på. Om «Snusen» har målgranskaren Rasmus Flo i 1890-åra blant anna sagt var ein av landets største apalar. Og han meinte epla var betre og friskare på smak enn flesteparten av haagepla. «Kviten» seier han stod på same garden som «Snusen». Han var gamal og mykje mindre enn «Snusen», men bar eple som var større og betre på smak, og særmerkte seg med svært fin farge.

Årbok for Nordfjord 1965 og

Heimskringla.no/Tjodolf fraa Kvine

«Uranes-apalen» omtalar Jon Fridtun som «eit røsleg tre der krana målar 18 meter på det breidaste, og rundt stammen er han fram imot 3 meter i karshøgde». Fridtun gjev honnør til Jon Øvre-Flo for at han tross gode vedaprisar og rop om sanering

og rasjonaslisering i frukthagane let denne giganten få stå i fred. J. Fridtun anslår at treet kan vere omlag 400 år gammalt utifrå historia til grenda.

I år bar toppen mange kvite epleblomar i vår, og i slutten av august såg eg små, grøne eple som hang der. Treet er freda, og eigarar i dag er Sonja og Jon Gudbrand Kveen Øvre-Flo som brukar måleri av den som emblem på etikettane sine for Flo Gardsmat.

Dei store nausta nede ved Oppstrynsvatnet som tilhøyrrer Øvre Flo var viktige og mykje brukt i tidlegare tider. I vindauga ser vi også i dag eplekasser som ligg til lagring.

Takk til alle som har delteke med opplysningar.



Husa tilhøyrrer Nedre Flo. Foto Olaug Mork



Bilete av Uranes-apalen teke av Olaug Mork

Kva er NMS med på i Etiopia

av John Selmer Skiftesvik

Åtte av ni sokn er med på: Samarbeid Menighet og Misjon (SMM) mellom misjonsorganisasjonar og DNK. Olden har misjonsprosjekt for NMS i Etiopia. Dei andre har misjonsprosjekt i Mali for NMS

Ei hovudoppgåve er å støtta og løfta opp marginaliserte grupper i samfunnet. Vi er med på å gi menneske høve til utdanning og til å lesa og høyra tekstar frå Bibelen på eige morsmål. Dette styrkjer den einskilte sitt sjølvbilet og skapar ein positiv kristen identitet. I tillegg er aktivitetar som styrkjer kvinner sin posisjon i kyrkje og samfunn ein viktig del av arbeidet. Vi jobbar og for eit meir berekraftig jordbruk og betre matvaresikring. Hovudsamarbeidspartnaren vår i Etiopia er *Den lutherske Mekane Yesus-kyrkja*.

Språk og kultur

Gumuz, mao- og komo-folka har i år hundre vore diskriminert og fordrivne. Vi støttar arbeidet med å byggje positiv identitet gjennom språk, kultur- og ungdomsarbeid. Det vert halde seminar og work-shop, og det er etablert eit eige kultursenter.

Kvinner og barn

Kvinnesyn og tradisjon i den mannsdominerte etiopiske kulturen gir ikkje kvinnene høve til å delta i samfunn og kyrkje. Vi er med på å kjempa mot kvinneleg omskjering, barne-ekteskap og skadar knytt til fødsel og jobbar for kvinnene sine rettar.

Ungdom

Vi gir ein ung generasjon nye impulsar og sjansar. Og vil styrkja stillinga og sjølvbiletet til marginaliserte grupper. Eit ung-

domssenter i Kamashi har ein sentral plass i arbeidet. Nokre får og stipend til utdanning.

Bibeldomsetjing

Det nye testamentet på gumuz er nyleg revidert. Ein er nå i gang med omsetjing av Det gamle testamentet. I tillegg vert bibelforteljingar og bibelvers på andre minoritetsspråk omsette og gjort synlege både munnleg og skriftleg.

Migrasjon

Mange unge etiopiarar reiser utan ID-papir til land i Midtausten for å arbeida. Mange av dei kjem fattige og traumatiserte tilbake. Ein held kurs som set dei i stand til å stå på eigne bein i Etiopia. Samstundes jobbar ein med informasjonsarbeid, for å hindra at andre hamnar i same situasjon.

Mekane Yesus-kyrkja

Mekane Yesus-kyrkja er eit luthersk kristent trussamfunn i Etiopia, skipa i 1959 ved ei foreining av lutherske kyrkjer og med ein del andre kyrkjer.

Kyrkja har drygt ti millionar medlemmer og eit teologisk seminar i Addis Abeba.

Mekane Yesus-kyrkja er den største av medlemskyrkjene i Det lutherske verdsforbund.

Wikipedia

Fakta om Etiopia

Innbyggertal 114, 96 mill. Over 80 ulike språk/folkegrupper.

Religion. Etiopisk ortodokse 44%, muslimar 44%, protestantar 19%, resten er tradisjonelle/andre religionar.

Levevilkår. Stor økonomisk vekst, men og store sosiale problem og politiske spenningar.

Næringsvegar: Jordbruk. Kaffe er største eksportvare.

Styresett. Republikk. Fleirpartisystem. Ni delstatar, delt inn etter etniske og språklege skiljeliner.

Kjelde www.FN.no



Foto-Ole-Henrik-Kalviknes

Blir sett på som gjenstandar, ikkje menneske

av Marit Mjøsneset

Minoritetsgrupper i Etiopia ber på ein mørk arv. "Framleis ein lang veg å gå". Det seier seniorrådgjevar i NMS, Klaus-Christian Küspert. Han har vore NMS-utsending i Etiopia i fleire år, og har jobba mykje inn mot minoritetar.

Me jobbar mot dagen der alle har dei same sjansane i Etiopia, uavhengig av etnisitet. Det er framleis ein lang veg å gå. Etiopia er eit samfunn prega av store forskjellar, og ein av tinga som spelar inn, er kva folkegruppe du høyrer til, seier Küspert.

NMS har arbeid blant fleire minoritetsgrupper i Vest-Etiopia, mellom anna Mao. Küspert fortel at maoar i generasjonar

har jobba som tenarar eller slavar

Menneske har blitt reve vekk frå familie, ættelinje og alt dei kjenner til. Maoane har av mange blitt sett på som gjenstandar som ein kan eige og bytte, og har blitt frårøva menneskeverdet.

Også i dag er minoritetsgruppene NMS jobbar blant lengst nede både på den sosiale og økonomiske rangstigen i det etiopiske samfunnet. Med dette bakteppet er arbeidet med å gjera folk stolte av eigen kultur og bakgrunn viktig. Küspert er lingvist, og dette har kome godt med, då språkarbeid har vist seg

å vera sentralt. Manglande tilgang til utdanning for minoritetar er nemleg ein viktig grunn til att ulikskapen mellom folkegruppene består.

Heile utdanningssystemet er basert på bruk av skriftleg språk, og viss ein ikkje har eit skriftspråk eller skulane nyttar framande språk er det klart at det gjev eit ulikt utgangspunkt.

Så NMS står framleis i oppgåva som dei på slutten av 60-talet blei kalla til, nemleg å koma til Etiopia for å jobbe «*hvor nøden er størst og hvor evangeliet er ukjent*».

NMS sitt nyhetsbrev 2/2021

Kva gjer NMS i Mali

av Stina Neergård

Fruktbart og farleg i Nord

Urolighetene i Mali fortsetter og det er ingen tegn til bedring. Områdene i Nord-Øst, der to fulani-menigheter har blitt dannet, er blant de farligste stedene i hele Mali. Både misjonærene og de kristne som bor der trenger mye forbønn. Mange er bekymret for at situasjonen i Afghanistan skal inspirere grupper av fundamentalistiske muslimer til å oppnå det samme som Taliban nå har gjort i Afghanistan.

Men arbeidet fortsetter til tross for sikkerhetsrisikoen. Misjonærene fra Nigeria som bor i den nordøstlige delen av landet har også dette året fått minst sju nye kontakter, tre av dem har allerede startet med regelmessig bibelundervisning. Det produseres ukentlige radioprogrammer på fulani, som distribueres og sendes på 38 radiostasjoner.

Det hender at lyttere henven-

der seg til radiostasjonen og ønsker seg Det nye testamente og andre bibelbøker. Dette året har det blitt delt ut 12 nytestamenter, 12 bøker med 1. Mosebok, 12 bøker med andre Mosebok og 12 bøker med første og andre Samuelsbok.

Bibeloversettelsesarbeidet starter opp igjen for fullt denne høsten, etter at vår lokale oversetter er ferdig med sine hebraisk-studier. Misjonær og bibeloversetter Anne Lise Matre går også på nytt inn i dette arbeidet fra i høst, og vil pendle til og fra Mali. De femten lokale ansatte i landsbyutviklingsprosjektet fortsetter kampen mot kjønnslemlestelse av jenter.

Sør-Sør-Misjonærer i Mali

Det er nå fire afrikanske misjonærfamilier knyttet til arbeidet NMS er med på i Mali, i tillegg til direktør Magadji Thomas fra Kamerun.

Hva gjør vi i Mali?

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt

«R» og «S» fra Nigeria har vært i Mali siden 2014. De er nå den eneste misjonærfamilien som fremdeles bor i Nord-Øst-Mali. Lenger sør i Mali finner vi «M» og «J» fra Benin som kom til Mali i 2017, og to familier fra Kamerun, «B» og «E», og «S» og «Y», som kom til Mali i 2020.

De afrikanske familiene er takknemlige for forbønn. Av sikkerhetshensyn er vi forsiktige med å gå ut med navnene deres og navnene på byene de bor i.

Lys vaken i Utvik

av Beate Nes

Vanligvis har vi Lys Vaken rett før jul. Det vart stoppa av korona.

Difor vart det i år gjennomført Lys Vaken for Innvik og Utvik rett før vi tok sommarferie.

Det vart ikkje overnatting men vi hadde ein fin kveld med leik,

drama, grilling og gudsteneste i og utanfor Utvik kyrkje.

Ein fin gjeng med 5. og 6. klassingar var med. Dei deltok i gudstenesta med song, drama, pynting av kyrkja, lesing og bønner.



Bibel pakke

Eit lite jentekor framførde fin song



Tid for mat

Historisk dåp på Prestestøylen

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

20. juni arrangerte Innvik sokneråd gudsteneste på Prestestøylen. På denne gudstenesta vart ein ny verdsborgar, Helge Heggdal, døypt. «*Dette var historisk*», sa presten Harald Runde. Aldri før har det vore dåp på Prestestøylen, så vidt vi veit.

Svært mange møtte fram denne vakre sumardagen. Prestestøylen er ein flott plass å ha gudsteneste på. Ein kan køyre bil heilt fram, så det er muleg for alle, også rullestolbrukarar, å delta. Som så ofte elles denne sommaren, var det lettskya, opphaldsver og varmt.

Etter gudstenesta fekk dei vaksne servert kaffi og kosa seg med medbrakt niste. Og borna kunne vere med på ulike friluftskaktivitetar i lag med dei vaksne.



Svært mange møtte fram denne vakre sumardagen på Prestestøylen



Kaffipause



Pil og boge



Dåp. F.v.: Øyvind Bleie, Jan Eirik Heggdal, Synnøve Heggdal, Svanhild Heggdal (delvis skjult), Liv Halsteinslid, Mathea Boge Andersen, Ada Boge Andersen, gudmor Ingrid Boge, dåpsbarnet Helge Heggdal og prest Harald Runde. I nederste biletkant, sett bakfrå: oldeforeldra til dåpsbarnet, Erling og Ingrid Hammer

Blåtur med vitamininnsprøyting

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Staben kosar seg

Ein av dei første dagane i juni fekk vi ei kjekk melding frå Kari Synnøve: Det blir blåtur torsdag, og dei som ynskjer det kan ta med handkle og badetøy...og slik vart det. Veret var heilt topp, varmt og godt, som elles i sommar.

Då vi forlet Stryn langs fjorden,

blei vi svært nysgjerrige på kvar vi skulle lande; Det kunne vere Lovatnet, badestranda i Avleivikja, Oldevatnet eller badeplassen på Innvik fjordhotell.

Første stopp vart Bunnpris i Olden. Der provianterte Beate og Kari Synnøve grillmaten.

Etterpå køyrde vi heim til Kari Synnøve privat. Då trudde nokon at vi skulle vere i hagen hennar, og evt. bade i sjøen nedanfor Ricco Vero. Men nei, - Kari Synnøve for som ein røyskatt inn i huset og kom utatt med to svære kakefat – og køyrde vidare oppover mot Oldedalen. Vi andre klarte så vidt å henge på. Men då vi kom til Gryta camping, svinga Kari Synnøve ned. Det var hit vi skulle, og ei smilande Linda Gytri og faren tok vel i mot oss. Vi fekk ein triveleg plass på nokre utebord heilt nede ved Oldevatnet, og dei som hadde med seg badetøy hoppa fort uti det "litt" kalde, men forfriskande vatnet.

Eldsjelene som var med i



Her kjem dagens kaker

arrangementskomiteen fekk fort varme på grillen. Flittige hender hadde skåre til saftige og smakfulle salatar i store skåler. Vi stortreivst rundt borda. Det er sosialt å vere på blåtur når praten går lett om laust og fast. Vi kjem litt nærare kvarandre på ein slik tur. Blir litt mindre høgtidelege og kanskje meir personlege – litt treffande var det då vi fekk utdelt ein spørjekonkurranse der overskrifta var: “Kor godt kjenner vi kvarandre?” – gjennom gode spørsmål fekk vi også ein god latter! Ramma og atmosfæren rundt denne blåturen var heilt unik ute i Guds frie og naturgitte katedral. Oldedalen er sannleg ei naturperle av det sjeldne slaget, på høgde med det beste vi har i Norge.

Camping-vert Linda Gytri er ein tryllekunstnar på trekkspilet. Det fekk ho vist også denne kvelden. Trioen Anders Kvile, Kyrre Nordnæs Enerhaug og Linda Gytri underheldt oss med vakker musikk utover kvelden.



Trio



Linda Gytri – solstråla på Gryta Camping



Sjefen sjølv taler til folket



Song og musikk i Guds vakre naturkatedral

Svensk dansebandmusikk kan faktisk røre til tårer! Vellukka sommarkonsert i Olden kyrkje

Tekst: Jostein By Foto: Leif Vinsrygg

Dersom nokon hadde sagt at underskrivne ville bli rørt til tårer av svensk dansebandmusikk, ville svaret ha vore at «den må du dra lengre ut på landet med». Etter sommarkonserten i Olden kyrkje 4. juli 2021, er det grunn til å slå fast at anten er Olden enda lengre ute på landet enn vi trur, eller så tok underskrivne feil. Det er mogleg å bli rørt til tårer av svensk dansebandmusikk!

Den årvisse sommarkonserten som blir arrangert av Olden sokneråd, var i år lagt til nyekyrkja i staden for gamlekyrkja, på grunn av smittevernrestriksjonane og reglane for talet på publikum. Kyrkje-konserten har vore ein del av tilbodet i samband med Oldendagane, og sjølv om dette

arrangementet har vore redusert som følgje av koronasituasjonen, er sommarkonserten gjennomført både i 2020 og 2021.

Det var kanskje nokre som meinte at Olden sokneråd tok eit dristig val da Mona-Jill Band vart invitert til å halde sommarkonsert i kyrkja. Dei om lag 130 personane som hadde møtt fram, såg (og høyrdest) ut til å meine at det var eit godt og riktig val. Kvalitetsmusikk med gode tekstar kan absolutt framførast i ei kyrkje – også av eit danseband med svensk leiar/vokalist.

Fleire blant publikum har i ettertid innrømt at dei vart rørde til tårer – mellom anna av opningsnummeret «Mitt paradys». Mona-Jill fortalde at ho har funne sitt paradys på jord – i Oldedalen, noko som mannen hennar, Rogeir Haugen, fekk fram på ein fin måte i teksten.

Det var 25 låtar på programmet, med ei veksling mellom «typisk» svensk dansebandmusikk – med plass for alvorlege tankar i tekstane – og engelsk/amerikansk country. Det fører for langt å gå gjennom heile konserten, men både tekst og melodi til mange av låtane passa på ein naturleg måte godt i kyrkjerommet – som «Vår ängel här på jord», «Här är livet», «Bible and a bus ticket home», «En liten hand i min». Teksten til heile 20 av dei 25 låtane var skriven av Rogeir Haugen, nokre av dei saman med broren, Bjarte, som spelar bass i bandet.

Mona-Jill Knapp Forssén Haugen gav publikum ei varm og god oppleving saman med bandet sitt i Olden kyrkje denne juledagen 2021. Ho batt sjølv saman musikken med ein del sjølvopplevde historier, som kalla på både



Oldedalen og Olden sitt eige danseband Mona-Jill Band spelte opp til ein flott sommarleg kyrkjekonsert i Olden kyrkje

smil og tårer. Med god hjelp av bandet – Bjarte Haugen (bass), Tor Ove Sjøstad (trommer), Ståle Sverreson Dimmen (gitar / vokal) og Egil Skjernes (steelgitar) – og med solid støtte frå Oddmar Varpe (lyd / teknikar), Ole Andre Kvame (road

manager) og Rogeir Haugen (manager / låtskrivar og ektemann) gav Mona-Jill dei frammøtte ei varm og rørende konsertoppleving. Det er altså mogleg for svensk danseband-musikk å røre ved kjenslene til publikum på konsert i ei norsk kyrkje,

i alle fall når frontfiguren er Olden og Oldedalen si eiga Mona-Jill!

Med ståande applaus gav publikum samstemd uttrykk for takk for ein varm og gjevande konsert i Olden kyrkje!



Publikum storkosa seg og takka for ein varm og gjevande konsert med ståande applaus



Strålende opplagd Mona-Jill som vokalist i eige band, glad for å halde konsert på heimebane

GRAVMONUMENT



Sjå alle våre modellar på
www.gravstein.no

Alle våre modellar er designet
og produsert i Norge

Ta kontakt for katalog
John Selmer Skiftesvik
Tlf: 990 28 076

Fornyng av skrift
Oppretting av gamle steiner
Nye gravsteiner

”Har du lyst å få biletet ditt i Kyrkjelydskalenderen 2022?

Bileta må vere frå sokna Oppstryn, Nedstryn og Loen
Hugs å skrive kvar biletet er teke og namn på fotografen
Send til e-post:

nina2nina@live.no

Merk: Kyrkjelydskalender 2022”

STRYN ENØK AS

TOSHIBA

VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no



Årsmøte 2021 Kyrkjelokka Bladlag

Årsmøte 2021 i Kyrkjelokka Bladlag vart halde onsdag 16. juni 2021 kl 1900 på Nord-sida Næringsstove, Ulvedal. På grunn av koronaepidemien, vart årsmøtet 2021, utsett til juni. Det vart no avvikla innanfor dei koronarammene som Regjeringa har bestemt.

Rekneskapsresultatet for 2020 viste eit underskot kr 69 842.

Årsmøtet vedtok nye vedtekter, etter som det var behov for ei oppdatering av vedtektene til dagens situasjon, samt krav til innhald.

Knut Sigurd Gald med personleg vara Anne Lødemel Honningsvåg frå sokneråda i Hornindal, Nordsida og Randabygd vart attvalde. Elles utgjier styret Geir Ståle Vatnamo med person-

leg vara Erling Briksdal frå sokneråda i Innvik, Olden og Utvik, og Svein Rønne med personleg vara Rolf Knudsen frå sokneråda i Stryn, Oppstryn og Loen.

Knut Sigurd Gald vart attvald som styreleiar. Mangeårig forretningsfører er John Selmer Skiftesvik.

Jarle Hessevik og Knut Sigurd Gald har vore redaktørar i 2020.



Min salme

av

Ståle Inge Muri

Det første eg tenkte då eg vart utfordra til å skrive om min salme, var at dette er ei tilnærma umogleg oppgåve. Det finst mange gode salmar, alle til sine samanhengar. Slik sett kunne eg godt ha valt fleire.

Etter at salmeboka kom i ny versjon først i 1997 og deretter i 2013 har eg i grunnen fått mykje nærare forhold til den mangfaldige salmeskatten. Det var veldig artig då vi i 2014 fekk presentert nye utgåva gjennom salmemaraton på NRK, og få god blanding av gammalt og nytt, ei minnerik oppleving.

Eg har som min salme vald ein av dei nye i 2013-utgåva, *No stig vår song, vår takk til Gud*. Den er kanskje ikkje av dei mest kjende, men det er ein som likevel gjorde inntrykk første gong eg hørte den. Det er sjølv sagt heller ikkje noko ulempe at teksten er på nynorsk. Den vart skriva til kong Harald i høve 70-årsdagen i 2007. Forfattaren Edvard Hoem har skriva tekst og Håkon Berge har komponert melodien.

På eit motivasjonkort eg såg ein gong sto det «*takknemlighet avler glede*», og det er mykje sant i akkurat det. Dette er noko eg kjenner meir og meir av etter kvart som eg har fått lengde og bredde i livserfaringa. Salmen skildrar dette på ein veldig fin måte, å vere takksam for alle

*No stig vår song, vår takk til Gud for denne gode verd,
for havets salt, for regn og sol og himlens stjerneher.
Vi takkar deg for storm og frost, og snø som fell så stilt mot jord.
Vi takkar for den mørke natt, og vårens tid, for alt som gror.*

*No stig vår song, vår takk til Gud for nådens korte tid.
Da skapte du vår vakne sjel som lid når andre lid!
Ditt tålmod lindrar gamle sår, men dagleg blir din skapning krenkt.
La rettferd fylle tusen år! Trøyst våre barn, møt deira lengt!*

*No stig vår song, vår takk til Gud for denne heim, vår jord,
med barnesmil og voggesong og heite kjærleikssord!
Vi takkar for kvar nyfødt dag da våre sansar opnar seg,
for tankens glans, for hjerteslag og alle under på vår veg.*

*No stig vår song, vår takk til Gud for Han, som er vår fred.
Når Kristus sprenger dødens rom, fell siste stengsel ned.
Da stig vår song, vår takk til Gud for spor på strand, for bølgers slag.
Kom natt, kom søvn, kom morgongry, kom evig sommars lyse dag.*

gode ting i livet, både små og store ting.

Salmen rører og ved vonde ting, der det ikkje alltid er enkelt å vise takksemnd. Andre verset i salmen speglar av dette. Eg trur ikkje det er meininga at ein skal vere takksam for at ein opplever vonde ting, men ein kan likevel finne takksemnd i det vonde som skjer. Det kan vere mangt som ikkje går slik ein har planlagt. Ein kan oppleve motstand og nederlag, både sjølv og blant dei som står ein nær. Sjukdom, otte og uvisse kan gjere at motløysa kan gripe om ein. Men i slike stunder kryssar gjerne nokon livsvegen og deler av sine røynsler, som kan vere til hjelp og lærdom. Og om livsbagasjen ein sjølv sit med kan gje eit menneske håp og tru

på at ting kan betre seg, eller at ein kan vere trufast medvandrar, så er det noko ein verkeleg kan vere takksam for.

Siste verset i salmen synest eg nesten har noko påskeaktig over seg, spesielt siste linja som på ein fin måte skildrar det evige håpet.

Eg utfordrar Berit Fure Emmerhoff til å skrive om sin salme i neste nummer



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Arbeid og innhausting

Ferien er for lengst over. Arbeid er i full gang rundt om på skular og arbeidsplassar. Også i kyrkjelydar og organisasjonar er nytt arbeid starta.

Ut over sommaren har vi gledd oss over at fleire dører kan opnast etter pandemien. Håp, tru og spenning pregar mange. Det har vore mykje start og brems det siste året.

Fleire permiterte og arbeidslause har heldigvis kome tilbake til arbeidslivet. Vil kyrkja, kulturlivet og idretten vinne tilbake deltakarane sine? Eg trur det må arbeidast for å vinne tapte unge årskull tilbake. Men det har også vore sagt: *Det går aldri av moten at menneske møtast.*

Den lutherske kallstanken går ut på at vårt daglege arbeid er ei teneste for Gud. Lat oss gjere arbeidet vårt slik at andre stoler på oss. Om arbeidet er i heimen, i skulen, i barnehagen, på konto-

ret, på fabrikk, på garden eller ein annn stad er det like viktig. Alt ærleg arbeid har noko med Gud å gjere. I Salme 100.2 står det: *«Ten Herren med glede»*

På denne årstida arrangerer kyrkjene hausttakkegudstener. Somme kallar det hausttakkefest. Ja, lat det vere fest i takksend for årets grøde.

«Grøda er stor, men onnefolka er få. Bed då han som eig grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.» Matt.9.37

Dette bibelverset skrivje på ein lapp har lege på nattbordet mitt i heile sommar.

Grøda er stor. Det er det vi ønskjer, men så kjem dette med få arbeidarar. Eg har alltid tenkt at dette ordet gjeld innhausting til Guds rike.

Gud vil at alle menneske skal bli frelste og lære sanninga å kjenne. Guds ord må forkynast for alle generasjonar og nye

folkegrupper. Ordet vert forkynt, men her er få tilhøyrarar, Difor eit opprop: *Kom og høyr og delta! Fyll din plass!*

Lat oss takke for arbeidarane vi har, og har hatt og lat oss be om fleire. Vi er arbeidarar på kvar vår plass. Nokre er i særstillingar med ansvar for forkynning og diakonalt arbeid. *Vi treng fleire.*

«Lyft augo og sjå åkrane korleis dei kvitnar mot hausten!»

I forrige nummer avslutta eg med andre verset av salmen: *«Den blomstertid nå kommer»* Då visste eg ikkje at det var andre verset i denne salmen.

Denne gongen avsluttar eg med fjerde verset av same salmen. Det er ein salme frå år 1694 med tekst av Kolmodin, omarbeidt av Landstad.

Salmen fekk plass i den nye salmeboka på nr. 841.



Gud signe årets grøde i alle verdens land!

*Gud gi oss i daglig føde
fra jord og hav og strand,
og hjelp oss du å dele
med andre det vi har,
vårt liv, vår jord, det hele
er ditt, vår Gud og Far!*



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: Kyrkje i Indre Nordfjord
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

Truleg er det framleis koronarestriksjonar som gjer at konfirmasjonane berre er opne for konfirmant familiane og inviterte. Følg med på heimesida stryn.kyrkja.no og i avisene for oppdaterte opplysningar

26. september;

18. s i treeiningstida – Matt 8, 5-13

- Nedstryn 11:00

Haustrakkefest. Utdeling av 4 årsbok

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Nordsida 11:00

Familiegudsteneste-Haustrakkefest

02. oktober; laurdag

- Nedstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Nedstryn 13:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Innvik 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

03. oktober;

19. s i treeiningstida – Joh 7, 14-17

- Nedstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Oppstryn 13:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Utvik 11:00

Haustrakkegudsteneste. Presen-
tasjon av dei nye konfirmantane

- Hornindal 11:00

Familiegudsteneste. Haustrak-
kefest med utdeling av 4 årsbok

- Olden 20:00

Salmekveld

09. oktober; laurdag

- Olden 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Nordsida 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Nedstryn 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Nedstryn 13:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

10. oktober;

20. s i treeiningstida – Mark 10, 2-9

- Nedstryn 11:00

Gudsteneste

- Innvik 11:00

Haustrakkegudsteneste

- Randabygd 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Oppstryn 20:00

Salmekveld

16. oktober; laurdag

- Loen 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

- Nedstryn 13:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

17. oktober;

21. s i treeiningstida – Luk 16, 19-31

- Loen 11:00

Haustrakkefest. Utdeling av 4
årsbok

24. oktober;

22. s i treeiningstida – Joh 12, 35-36

- Oppstryn 11:00

Haustrakkefest. Utdeling av 4
årsbok

- Utvik 11:00

Gudsteneste

- Hornindal 11:00

Gudsteneste

- Ljosheim 16:00

Haustrakkegudsteneste

31. oktober;

Bots- og bønedaag – Luk 18, 9-14

Reformasjonsdagen – Joh 1, 16-17

- Olden 11:00

Haustrakkegudsteneste

- Nordsida 11:00

Gudsteneste

07. november;

Helgemessesøndag – Matt 5, 13-16

Minnedag – Joh 11, 1-5. 33-38

- Nedstryn 11:00

Gudsteneste. Minnedag for
Oppstryn, Nedstryn og Loen

- Innvik 11:00 Helgemesse

- Randabygd 20:00

Helgemesse. Minnedag for

Nordsida og Randabygd

- Hornindal 20:00

Helgemesse. Minnedag

14. november;

25. s i treeiningstida – Matt 14, 22-34

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

21. november;

Domssøndag / Kristi kongedaag –

Matt 25, 1-13

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00

Familiegudsteneste. Presen-
tasjon av dei nye konfirmantane

28. november;

1. s i adventstida – Matt 21, 10-17

- Nedstryn 11:00

Gudsteneste. LysVaken

- Loen 11:00

Gudsteneste - Lys Vaken

- Innvik 11:00?

Gudsteneste

- Nordsida 11:00

Gudsteneste - LysVaken

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. **458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyningar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.

Slik som du ynskjer.

Tlf. **905 50 905**

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as



Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døpte

25.07 *Eline Bergset*

For. Hilde-Caroline Roset og
Anders-Magne Bergset

25.07 *Mathias Heieren Sølvberg*
For. Ingrid Heieren Sølvberg og
Elling Sølvberg

25.07 *Emil Løvall Sølvberg*
For. Kristin Løvall og Andreas Blø
Sølvberg

08.08 *Sigurd Briksdal Hagen*
For. Mira Briksdal og Sigbjørn
Hagen

Døde

21.05 Dorteia Ingeborg Steinsåker
f. 1923

18.08 Sverre Steinsåker f. 1968

Hornindal

Døpte

23.05 *Emma Løvlid Blaallid*
For. Trine Bruheim Løvlid og
Bernt Blaallid

27.06 *Reidar Elias Seljeset*
For. Marianne Kobberstad og
Tor-Ådne Tomasgard Seljeset

27.06 *Mio Seljeset Kjellstadli*
For. Ina Kristin Seljeset og
Jim Kjellstadli

29.08 *Lavrans Lødemel Sollid*
For. Mathilde Olin Lødemel og
Håvard Sollid

Vigde

31.07 Beate Lillestøl og Stian
Kristoffer Haugen

Døde

23.05 Lasse Muldsvor Seljeset f. 2021

08.06 Ole-Peter Aarskog f. 1937

19.06 Kjellaug Anna Vartdal f. 1927

28.08 Brita Lunde Lillestøl f. 1945

29.08 Gudrun Elina Engelund
Hjelmeland f. 1931

Randabygd

Døpte

17.07 *Johan Langeset* For. Gunn
Skrede og Tor Jørgen Haagensli

Vigde

17.07 Gunn Skrede og Tor Jørgen
Haagensli

Døde

22.08 Leiv Tormod Tvinnereim f.
1965

Oppstryn

Døpte

26.06 *Aron Muri Haugen* For.
Hilde Flo Muri og Sindre Haugen

27.06 *Åsa Nesje Holmberg*
For. Mariell Jensen Nesje og
Torbjørn Holmberg

11.07 *Ellen Flo*

For. Hanne Elise Kampesveen og
Bjørn Inge Flo

29.07 *Olvin Berstad Hesjedal* For.
Andrea Krogh-Berstad Hesjedal og
Odd Inge Thorkildsen Hesjedal

Vigde

14.08 Renate Krogh Berstad og
Knud Marquard Frausing

28.08 Nina Hjelle og Kjetil Guddal
Ruud

Olden

Døpte

29.07 *Eira Olivia Brynstad Winter*
For. Anette Brynstad og
John Robin Winter

31.07 *Minea Mattsson Yri*
For. Malin Hilde Yri og
Mika Juhani Mattsson

Vigde

07.08 Benedikte Flåten og
Einar Skarstein Sandnes

Døde:

27.05 Astrid Skogli f. 1938

09.07 Bjørg Melheim f. 1935

Loen

Døpte

30.05 *Elias Løken Sæten*

For. Malin Baade Løken og
Casper Krogh Sæten

20.06 *Felix Eide Sæten*

For. Anette Sæten og
Thor Morten Eide

20.06 *Markus Opheim Tjugen*

For. Ingvild Christin Oliversen
Opheim og Christoffer Tjugen

20.06 *Elias Grov*

For. Jana Stokova og Richard Grov

25.07 *Jenny Gran Østby*

For. Hanne Sveberg Gran og
Karl Martin Aas Østby

25.07 *Torkild Sæten Aarøen* For.
Anita Sæten og Torgeir Aarøen

25.07 *Saga Sæten Myklebust*

For. Hildur Sæten og
Alexander Heldor Myklebust

29.08 *Vetle Solheim* For.

Christine Hagen og Rune Solheim

Vigde

01.07 Gerd Iren Kallak Hveding
og Runar Stemme

01.07 Inger Synøve Østeby og
Erik Lindberg

17.07 Silje Mork Åmelfot og

Tommy Magne Reite

27.07 Magni Snipsøyr og
Pål-Andreas Alnes

07.08 Amelie Katharina Knieriem
og Ingve Autrheim Storebø

21.08 Solveig Aa Myklebust og
Nicolas Oppheim Bakkebø

Døde

16.06 Kitty Olaug Sanden f. 1950



Utvik

Døpte

22.05 *Liam Veiteberg Hauge*
For. Eli Birgitte Veiteberg og
Torgeir Hilde Hauge
27.07 *Eivind Homdrom Westvik*
For. Kine Maren Homdrom og
Martin Westvik. Døpt Høvåg kyrkje
31.07 *Elise Hage* For. Therese Lund
Hage og Carl Wilhelm Hage
31.07 *Gustav Frøyset* For. Tove Karin
Haugen og Kjell Ove Frøyset

Vigde

22.05 Kristin Hage og
Pål Gran Kielland

Døde

01.06 Inga Berge f. 1933

Nedstryn

Døpte

06.06 *Rikke Strøm Nesje*
For. Lotte Kristine Strøm og
Jørund Dolen Nesje
27.06 *Mathea Berger-Hjorteseth*
For. Kristel Hjorteseth Teige og
Rune Berger
18.07 *Maia Flo Ommedal*
For. Randi Aardal Flo og
Roger Husetuft Ommedal
01.08 *Louise Husevåg Bjørnson*
For. Jill Husevåg og Bjørn André
Bjørnson
29.08 *Sindre Gloppestad Tisthamar*
For. Nina Tisthamar og Kåre Glop-
pestad

Vigde

14.08 Lise Marie Magnussen og
John Andre Lyslo

Døde

08.06 Asbjørn Lunde f. 1946
05.06 Arve Blaaid f. 1961
30.06 Eldfrid Nesdal f. 1928
06.07 Svein Ove Kandal f. 1944

Innvik

Døpte

20.06 *Helge Heggdal*
For. Synnøve og Jan Eirik Heggdal
25.07 *Madelen Presthus Engesæt*
For. Mona Presthus og
Terje Engesæt

Døde

12.06 Audun Reme f. 1938
19.06 Synneve Bruland f. 1925

Gåver til Kyrkjelokka Bladlag

med rett til skattefrådrag?

Etter at årsmøtet i Kyrkjelokka Bladlag var avvikla i juni har styret søkt Skatteetaten om å få bli godkjent til å ta i mot gåver som gjevaren kan skrive av i sjølvmeldinga si.

I svaret frå Skatteetaten på søknaden, er vi ikkje godkjende til at innbetalarane kan få skattefrådrag for gåver til Kyrkjelokka, jf. regelendring i 2011.

Vi oppfylte alle kriteria som skulle ligge som grunnlag i søknaden unntaken eit: Vi er ikkje landsdekkande, aktiviteten er lokal og omfanget nasjonalt er for liten. Om kyrkja er landsdekkande, så vert ikkje Kyrkjelokka Bladlag rekna som det/ein del av det.

Vi beklager dette på det sterkaste.

Styret i Kyrkjelokka Bladlag sender mange varme tankar til dei som er med og støttar oss økonomisk i form av m.a. innbetaling av frivillige bladpengar.

Vi håper dette held fram.

Styret



**STRYN BARNEKOR
startar opp att!!!**

Tid: Torsdagar
Stad: Betania
Adresse: Myrane 14, Stryn

Første korøving er
førstkamande
torsdag 26. august.

Det blir to kor og dei er
delt inn i desse aldersgruppene
(merk ulike tidspunkt):
Mini: 5 år-3. klasse: kl. 17.30-18.45
Maxi: 4.-7. klasse: kl. 18.30-19.30

Dirigent: Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen

Velkomen til song!

KAFFEKROKEN





Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden



Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus stiller stormen

av kateket Beate Nes

Ein dag, etter at Jesus hadde brukt heile dagen på å snakke med den store folkemengda som ville treffe han, og lækt mange sjuke sa han til læresveinane sine: «Lat oss fara over til andre sida av sjøen». Dei lét folkemengda bli att og tok han med seg i båten der han sette seg ned for å kvile.

Ute på sjøen bles det brått opp til storm. Bølgene gjekk høgt, og slo inn i båten så han heldt på å gå full. Læresveinane vart redde, men Jesus låg bak i båten og sov på ei pute. Dei vekte han og sa: «Jesus vi er redde, bryr du deg ikkje om at vi går under?»

Då reiste Jesus seg roleg, truga vinden og sa til sjøen: «Tei og ver still!» Då gav vinden seg brått, og det vart blikande stilt.

Jesus såg på læresveinane og sa: «Kvifor er de så redde? Trur de enno ikkje?» Men då vart dei endå reddare og sa seg imellom: «Kven er dette? Både vind og sjø gjer som han seier!»

Ei gjenforteljing av Markus 4, 35-41



Nokre moment til samtale og ei oppmøding til å gjere noko saman.

* Læresveinane vart skikkeleg redde då stormen kom. Snakk litt saman om det å vere redd. Kva er du redd for?

* Kva kan vi gjere om vi vert redde?

(Snakk gjerne både om helt konkrete ting, som å seie ifrå til ein vaksen, og om å be).

* Be saman. Om ting du er redd for/grur deg til, eller for alle barn og vaksne som er redde.

Neste nummer får du i posten 1. - 2. desember. Redaktør vert Geir Ståle Vatnamo.

Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: skogli.vatnamo@gmail.com innan 29. oktober.